

Smittevernsplan for Valderøy barneskule frå 3/6 – gult nivå

- ❖ Alle tilsette må setje seg grundig inn i den nasjonale «Smittevernsveilederen» og skulen sin eigen smittevernsplan for gjeldande nivå. Det er den einskilde tilsett sitt ansvar til ei kvar tid å følgje desse planene.
- ❖ Denne smittevernsplanen er ut frå gult nivå.
- ❖ Def kohort: Ein kohort er ein gruppe med individer med felles mål og interesser
- ❖ To og to kohortar kan samarbeide. Dersom ein skal bytte samarbeidskohortar må det skje etter ei helg.

1. Skuledagen:

- Alle jobbar heile dagen i sin kohort. Ein kohort er i gult nivå ein heil klasse.
- Elevar som skal vidare på SFO etter skuletid må setjast i grupper trinnvis.
- Skuletida blir 08.30-12.55. Lærarane på dei ulike trinna må samarbeide om å få ein halv times pause i løpet av dagen for seg sjølv og assistentane.
- Den einskilde lærar bestemmer sjølv kva tid elevane skal ete. Dette må tilpassast utetida, men bør vere nokonlunde likt kvar dag.
- Kvar klasse bør ha ein dag uteskule pr. veke.
- Trinn kan ha uteskule same dag, men berre to kohortar kan vere saman.

2. Skulearbeid

- Avgrens deling av utstyr. Utstyr skal ikkje delast mellom kohortar før dei er reingjort.
- Bøker som ligg over natta kan brukast av andre elevar, men ikkje same dag.
- Ein skal ikkje bruke fysiske bøker på deling. T.d. Leseunivers. Her må ein kopiere og dele digitalt.
- Læraren kan kopiere opp arbeidshefter på førehand men då skal dei oppbevarast i elevane sin sekk eller på sin eigen pult.
- Ein kan bruke spel o.l. som ein allereie har liggande i klasserommet. Hugs reingjering etterpå.
- Elevane kan ikkje ha med seg leiker o.l. heimafrå.
- Vekeplanen leggast i Showbie. Den skal berre delast ut digitalt.

3. Uteaktivitet

- To og to kohortar kan ha utflukter og aktivitetar ute felles. Avstandsreglane gjeld også da for dei tilsette. Ein må rekne med samarbeid med denne kohorten ved sjukdom/fråvær.
- Elevar på 5.-7.trinn oppmodast om å halde avstand til kvarandre, helst ein meter.
- Leiketid skal berre gjennomførast ute.
- Mindre utflukter nær skulen kan ein gjennomføre åleine. T.d. ein tur frem og tilbake til kyrkja for å lufte seg.

4. Div. konsekvensar rundt organiseringa

- Vi skal i størst mogleg grad la spesialundervisninga og NOA gå som normalt dersom elevane går på same trinn.
- Biblioteket blir stengt. Læraren for kvar kohort kan hente med seg ein bunke bøker til bruk i klasserommet, men bøkene kan ikkje delast same dag. Boklånet må registrerast.
- SFO-rommet skal nyttast til garderobe og blir difor stengt for anna bruk.
- Gymsalen er stengt. All fysisk aktivitet skal foregå ute.

5. Konsekvensar for tilsette

- Det blir ingen kontaktlærartime som vanleg. Læraren får redusert und.tid.
- Lærarane på dei ulike trinna må samarbeide om å få ein halv times pause i løpet av dagen for seg sjølv og assistentane.
- Pauserommet blir opent mellom 10-12.30. Det er kvar og ein sitt ansvar å halde avstand og vaske hender grundig før ein går dit. Det blir sett av eige bord til reinhald. Alle må vaske over bordet der ein har sitte ved slutten av paua. Bruk klut ved vasken.
- Kopimaskina kan brukast om læraren spritar hendene før og etter bruk. Ein-meters-regelen gjeld framleis for vaksne.
- Planlegging skal gjerast i eit klasserom. Trinna avtalar faste møtepunkt for laging av plan.
- Arbeidsromma til lærarane kan ikkje nyttast i skuletida pga avstandsregelen. Utanom skuletida kan ein bruke arbeidsrommet men ein kan vere max 3 personar på rommet samstundes om ein held avstandsregelen.
- Du bør berre nytte deg av ditt eige arbeidsområde som du er saman med elevane på.
- Dei tilsette skal ha kleda sine i same garderobe som sin kohort.
- Du nyttar merka/låst toalett i di garderobe. Då blir det ca 4-6 vaksne som nyttar eit toalett.
- Du skal nytte same inngang som din kohort.
- Ein bør vere i minst mogleg grad i fellesområda på skulen.

6. Beredskap

- Ved sjukdom blant tilsette eller elevar, sjå «Veilederen».
- Alle må ha telefon lett tilgjengeleg i klasserommet.
- Alle må ha plaster/saks i klasserommet
- Dersom ein elev skadar seg, må de ringe adm ved Terje eller Elin B
- I tillegg til reinhald i høve reinhaldsplanen skal læraren vaske over dørhandtaka i klasserommet nokre gongar for dag.

7. Praktisk

- Garderobe:
 - Lage eit oppsett for kvart trinn så ikkje alle klassene er i garderoben samstundes.
- Toalett
 - Kvar klasse må dele på eit toalett. Heng opp lapp.
 - Eigen vaksentoalett som skal vere låst.

8. Diverse info

- Det blir ingen mjølk eller frukt.
- Elevane må ha ei tom drikkeflaske i sekken som dei brukar til vatn på skulen.